


# STABSFUNKSJONANE I NYE VOLDA KOMMUNE

Den administrative hovudstrukturen for nye Volda kommune er vedteken, som vist under.



Stabsfunksjonane er merka med sirkel. Dette er eit felles prosjektnotat for Økonomistaben, Personalstaben, og stabsfunksjonane underlagt assisterande rådmann, unnateken Kulturavdelinga. Kulturavdelinga vil bli handtert som eit delprosjekt. Prosjektnotatet byggjar på rådmannen sitt prosjektnotat for organisering av administrativ hovudstruktur.

## Organisering av stabsfunksjonane i Nye Volda

Delprosjekt	Organisering av stabsfunksjonane i nye Volda kommune
Prosjektansvarleg	Ansvarleg koordinering: Ann Kristin Langeland Ansvarleg rådmannens stab: Ann Kristin Langeland Ansvarleg økonomi: Kari Mette Sundgot Ansvarleg personal: Berit Lyngstad
Tidsrom	August 2018 – mars 2019
Involverte	Tilsette i stabsavdelingane Plass- og hovudtillitsvalde
Interne interessentar	Tilsette i dei tre stabsavdelingane
Eksterne interessentar	Organisasjonen Nye Volda

### FORMÅL

Syssetting, kompetanseutvikling og digitalisering er satsingsområde for nye Volda. Organisasjonsstrukturen og stabsfunksjonane skal underbyggje og vere reiskap for å realisere satsingane.

Dei tre stabavdelingane er organisert med kvar sin kommunalsjef/assisterande rådmann, som har sjølvstendig budsjett-, økonomi og personalansvar. Det er eit mål at stabsfunksjonane skal vere samordna når det gjeld strategisk utvikling og dagleg tenesteleveranse til organisasjonen.

### MÅL FOR PROSESSEN

Prosesen skal sikre god involvering av tilsette, tillitsvalde, samt leiarar ute, for å få eit breitt grunnlag for å konkludere.

Dei involverte og interne interessentar skal oppleve å vere informert under prosessen. Eksterne interessentar skal ha høve til å verte informert om viktige milepelar i prosessen. Tidsplanen skal haldast.

Verdiane for samanslåingsprosjektet nye Volda er openheit, tillit, rausheit og likeverd. Desse verdiane vil også gjelde for denne delprosessen.

### MÅL FOR NY ORGANISERING AV STABSFUNKSJONANE

Målsettinga er knytt til fire fokusområde for å møte framtida:


<b>Strategisk utvikling</b>  Sette dagsorden og vere i forkant	<b>Meistringsklima</b>  Skape ein kultur for samarbeid, der ein gjer kvarandre gode. Sørge for betre bruk og deling av kompetanse på tvers av stabane.
<b>Handlekraftig</b>  Stabsfunksjonane i nye Volda skal vere oversiktleg og ha tydelege og avklarte roller. Leiarar og tilsette skal få rett teneste til rett tid og av god kvalitet.	<b>Samordning av det komplekse</b>  Leiarane og dei tilsette skal oppleve at stabsfunksjonane er samordna og samhandlar på tvers.

Ei av hovudoppgåvene i prosjektet er å få til ei felles forståing av desse målsettingane. Kva betyr det for dei tilsette at stabsfunksjonane sett dagsorden og er i forkant, at vi har eit godt meistringsklima, at vi er handlekraftige og at vi greier å samordne det komplekse. Denne forståinga skal vi jobbe med i fellesskap, og vil vere ein premissleverandør for korleis vi organiserer oss.

### INVOLVERING I PROSESSANE

I prosessen rundt overordna struktur valde rådmannen å sette ned ei administrativ styringsgruppe, der også tillitsvalde deltok. Dei tre stabane ser behovet for ei slik involvering, men i ei litt anna form. Assisterande rådmann, økonomisjef og personalsjef utgjør arbeidsgruppa rundt organisering av stabsfunksjonane. Denne gruppa skal supplerast med ein hovduttillitsvald frå kvar kommune. Gruppe skal vere ei ressursgruppe der ein drøftar prosessen, innhaldet i den og metodikkval undervegs. I dei periodane stabane jobbar kvar for seg, er det naturleg at leiarane involverer plasstillitsvalde der det finnst. Det er satt opp eit første møte i ressursgruppa **onsdag 23. august 2018**, kl 1000-1200.

## PROSJEKTFASAR



Prosessen vert delt opp i fem fasar:

### **Samling 27.08.18:**

**Målgruppe:** alle tilsette i dagens stabsfunksjonar i Hornindal og Volda kommune

**Målsetting:** korleis nå målsettingane med ny organisering av stabsfunksjonane

- bli kjent på tvers av stab og kommune
- skape felles forståing av målsettingane for stabsfunksjonen og målgruppene våre (brukarar)
- skape ei felles forståing av kva vi skal gjere i denne prosessen og når vi skal gjere det
- bli bevisstgjort utfordringar vi vil møte

### **Mellomfase: september 2018-januar 2019:**

**Målgruppe:** tilsette i dei ulike stabane i Hornindal og Volda kommune, kvar stab for seg

**Målsetting:** Konkretisere arbeid vedteken for Nye Volda kommune

- definere arbeidsoppgåver (noverande og framtidige)
- definere kompetansebehov og lage bemanningsplan (ønska situasjon)
- kartlegge kompetanse, ønskjer og behov
- lage kompetanseplan
- skissere overordna organisasjonsstruktur

### **Samling 31.01.19:**

**Målgruppe:** alle tilsette i dagens stabsfunksjonar i Hornindal og Volda kommune

**Målsetting:** Ferdigstille ein samordna og samhandlande stabsfunksjon

- Presentasjon av arbeidet i stabane
- finne overlappande område og oppgåver og rom for samhandling
- få ei felles forståing av stillingskildring og delegering

### **Slutfase: februar 2019 – april 2019:**

**Målgruppe:** alle tilsette i stabsfunksjonane

**Målsetting:** Innplassere tilsette i stillingane

- lage stillingskildring
- gjere siste utsjekk
- innplassere tilsette

### **Volda xx.xx 2018**

Ann Kristin Langeland

Kari Mette Sundgot

Berit Lyngstad